

Saksprotokoll i Fellesnemnda-AU - 26.03.2019

Anne Gine Hestetun (A) sette fram slikt tilleggsforslag:

«Prosjektleiari skal utarbeide forslag til ulike modellar for organisering av ungdommens fylkesting. Prosjektleiari skal utrede ei modell der ungdommens fylkesting er sett saman av representantar for dei politiske ungdomspartia, basert på oppslutnad i skulevalet. FN-AU ønskjer også at prosjektleiari utgreiar ei modell der halvparten av representantane i ungdommens fylkesting er representantar frå ungdomspartia basert på oppslutnad i skulevalet, og halvparten er representantar frå ungdomsråda og andre born- og ungdomsorganisasjonar.»

Røysting:

Tilleggsforslaget frå Anne Gine Hestetun fekk 2 røyster (A, Hestetun og H, Bjørkly) og fall. Prosjektleiari sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

FN-AU gjev prosjektleiari fullmakt til å arbeide vidare med reglement på grunnlag av de innspel FN-AU gjev i møte.